

Rådgivende Biologer AS

RAPPORT TITTEL:

Analysar av skjellprøvar frå sportsfiske- og kilenotfangstar i Hordaland i 2002

FORFATTARAR:

Kurt Urdal

OPPDRAKGJEGVAR:

Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernnavdelinga

OPPDRAGET GJEVE:**ARBEIDET UTFØRT:****RAPPORT DATO:**

Mai 2002

August 2002 – Juli 2003

31. juli 2003

RAPPORT NR:**ANTAL SIDER:****ISBN NR:**

657

26

ISBN 82-7658-219-2

RAPPORTSAMANDRAG:

Det er analysert til saman 1147 skjellprøvar av laks (538 stk) og sjøaure (598 stk) frå sportsfiske i Hordaland i 2002. I tillegg er det analysert 136 skjellprøvar frå kilenotfangst ved Osterøy. Innslaget av rømd oppdrettslaks i elvefangstane og i kilenotfangsten var høvesvis 66 % og 62 %. Innslaget av rømd opdrettslaks er det klart høgaste sidan registreringane byrja i 1999.

EMNEORD:**SUBJECT ITEMS:**

- Hordaland
- skjellanalysar
- laks
- rømd oppdrettslaks
- sjøaure

RÅDGIVENDE BIOLOGER AS
Bredsgården, Bryggen, N-5003 Bergen
Foretaksnummer 843667082

Telefon: 55 31 02 78 Telefaks: 55 31 62 75

www.radgivende-biologer.no

e-post: post@radgivende-biologer.no

1.

FØREORD

På oppdrag frå Miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen i Hordaland har Rådgivende Biologer AS analysert innsamla skjellmateriale frå laksefisket i 2002 i Hordaland. Materialet inkluderer skjellprøvar frå sportsfiske i elvar og frå kilenotfangstar i sjøen.

Hovudmålsettinga med prosjektet var å kartleggja innslaget av rømd oppdrettslaks i dei ulike elvane og i sjøen, men me analyserte også skjellprøvar av sjøaure. Undersøking av sjøaureskjell er også interessant i samband med rømd oppdrettslaks, etter som tidlegare analysar har vist at ein del rømd oppdrettslaks feilaktig vert vurdert å vera sjøaure. Analysar av fiskeskjell gjev nyttig informasjon om faktorar som smoltalder, smoltlengd, sjøalder og sjøvekst, og er viktig for å auka kunnskapen om dei einskilde bestandane av både laks og sjøaure.

Første del av rapporten er ei samanfatting av dei viktigaste resultata frå undersøkinga. I tillegg til denne rapporten, er analysane av skjell frå fisk som er fanga i fiskesesongen formidla til grunneigarar og fiskarar i dei einskilde elvane, i form av faktaark. Resultata frå einskidelvane vert presentert i denne rapporten slik dei vil vera på dei einskilde faktaarka.

Rådgivende Biologer AS takkar for oppdraget.

Bergen, 30. juli 2003.

2.


INNHALD

1. FØREORD	2
2. INNHALD.....	3
3. SPORTSFISKE I ELVANE I 2002.....	4
3.1. Innslag av rømd oppdrettslaks.....	5
3.2. Storleksfordeling av laks.....	5
3.3. Livshistorie.....	7
4. KILENOTFISKE 2002.....	8
4.1. Innslag av rømd oppdrettslaks.....	8
4.2. Livshistorie.....	9
5. SAMLA VURDERING AV SKJELLMATERIALE FRÅ 1999-2002.....	10
5.1. Innslag av rømd oppdrettslaks.....	10
5.1.1 Elvefiske.....	10
5.1.2. Kilenotfiske	10
5.1.3. Tidspunkt for innsig av villaks og rømd oppdrettslaks	13
5.2. Årsklassestyrke, smoltårgangar.....	13
5.3. Konklusjonar	14
6. LITTERATUR	15
7. ENKELTELVAR	16
Fangst og skjellprøvar i Frøysetelva	17
Fangst og skjellprøvar i Modalselva	18
Fangst og skjellprøvar i Daleelva i Vaksdal.....	19
Fangst og skjellprøvar i Storelva i Arna.....	20
Fangst og skjellprøvar i Oselva	21
Fangst og skjellprøvar i Tysseelva	22
Fangst og skjellprøvar i Eidfjordvassdraget	23
Fangst og skjellprøvar i Kinsø.....	24
Fangst og skjellprøvar i Opo	25
Fangst og skjellprøvar i Omvikdedalselva	26

3.

SPORTSFISKE I ELVANE I 2002

Det vart motteke 1147 skjellprøvar frå fiskesesongen, fordelt på 538 laks, 598 sjøaure og 11 regnbogeaure frå totalt 15 elvar (**figur 3.1, tabell 3.1**). I tillegg vart det sendt inn 37 skjellprøvar av laks frå stamfisket i Daleelva og 16 skjellprøvar (5 oppdrettslaks og 11 regnbogearuar) frå prøvefiske i Etneelva. (jfr. **tabell 3.2**). I høve til den offisielle fangststatistikken har me undersøkt skjellprøvar frå 38 % av laksane og 35 % av sjøaurane som vart fanga i desse elvane i 2002.



FIGUR 3.1. Geografisk plassering av dei 15 elvane i Hordaland der Rådgivende Biologer AS mottok skjellprøvar frå fiskesesongen 2002.

Dei tala som er gjevne i **tabell 3.1** viser høvet mellom registrerte fangstar og mottekne skjellprøvar. Antalet skjellprøvar frå kvar elv vil variera noko i dei ulike tabellane utover i rapporten. Dette kan skuldast feilbestemming av art frå fiskaren si side, eller at opplysingane på skjellkonvoluttane (lengd, vekt, dato) er ufullstendige. Alt etter problemstilling vil det vera skjellprøvar som må ekskluderast, men det vil alltid verta nytta eit størst mogeleg materiale.

TABELL 3.1. Innrapportert fangst i fiskesesongen 2002, og andel skjell som er motteke og analyserte i dette prosjektet. ¹⁾ I desse elvane er villaksen freda. ²⁾ Fangstmelding ikkje levert.

	Fangst (antal)		Mottekne skjell		Andel av fangst	
	Laks	Aure	Laks	Aure	Laks	Aure
Frøysetelva ¹	16	150	4	14	25,0	9,3
Haugsdalselva ²	?	?	7	28	-	-
Modalselva	20	180	9	86	45,0	47,8
Ekso ¹	17	7	9	1	52,9	14,3
Vosso ¹	7	30	6	13	85,7	43,3
Daleelva i Vaksdal	229	433	157	236	68,6	54,5
Storelva i Arna	167	190	33	9	19,8	4,7
Fjellsvassdraget	14	5	0	1	0,0	20,0
Oselva	249	397	122	129	49,0	32,5
Tysseelva	429	53	98	5	22,8	9,4
Granvinselva ¹	28	112	5		17,9	0,0
Eidfjordvassdraget ¹	51	31	12	22	23,5	71,0
Kinsø ¹	56	59	44	33	78,6	55,9
Opo	106	43	32	13	30,2	30,2
Omvikedalselva	1	8	0	8	0,0	100,0
Samla, Hordaland	1390	1698	538	598	38,7	35,2

3.1. Innslag av rømd oppdrettslaks

I det samla skjellmaterialet frå elvefisket i 2002 var det 65,6 % rømd oppdrettslaks. Etter som villaksen er freda i mange elvar og fangsten av laks er liten i andre, er det berre tre elvar med eit sort nok skjellmateriale til at ein kan vurdera tilstanden til laksebestanden der: Daleelva, Storelva i Arna, og Oselva (**tabell 3.2**). Andelen rømd oppdrettslaks i desse elvane var høvesvis 46, 30 og 54 %, med eit vekta snitt på 43 %. I tillegg til desse tre elvane er det truleg berre Loneelva på Osterøy og Etneelva som har laksebestandar av noko storleik.

Ved stamfiske i Daleelva vart det fanga 37 laks. Av desse var to uråd å vurdera, og 8 av dei resterande 35 (23 %) var rømde oppdrettslaks (**tabell 3.2**). Frå prøvefiske i Etneelva vart det motteke skjellprøvar frå 5 oppdrettslaks og 11 regnbogearuar.

3.2. Storleiksfordeling av laks

Mellom villaksane som vart undersøkt var det 3 % storlaks, 26 % mellomlaks og 71 % smålaks, (**tabell 3.3**). Tendensen er den same i dei fleste elvane, men snittverdiane vert påverka av at i Daleelva, som utgjer 53 av det samla materialet, er andelen smålaks på 80 %.

Av dei oppdrettslaksane me undersøkte, var det ein klar dominans av mellomlaks (66 %, **tabell 3.3**). Dette samsvarar med det me har sett i dei fleste skjellmateriale dei siste fire åra.

TABELL 3.2. Oversikt over skjellmaterialet fra 2002 som er undersøkt. Det er skilt mellom villaks (V) og rømd oppdrettslaks (O), sjøaure og regnbogeaure.¹⁾ I desse elvane er villaksen freda.²⁾ Haustfisket er fiske etter stamfisk.

Elv	FISKESESONG						HAUSTFISKE					
	Laks				Sjøaure	Regnboge	Laks				Sjøaure	Regnboge
	V	O	Sum	% O			V	O	Sum	% O		
Frøysetelva ¹	2	2	4	50,0	14	5						
Haugsdalselva	4	3	7	42,9	28							
Modalselva	4	5	9	55,6	86							
Ekso ¹	1	8	9	88,9	1							
Vosso ¹	0	6	6	100,0	13							
Daleelva i Vaksdal ²	85	72	157	45,9	236		27	8	35	22,9		
Storelva i Arna	23	10	33	30,3	9							
Fjellsvassdraget					1	1						
Oselva	56	66	122	54,1	129	2						
Tysseelva	6	92	98	93,9	5	2						
Granvinselva ¹	0	5	5	100,0								
Eidfjordvassdraget ¹	1	11	12	91,7	22							
Kinso ¹	1	43	44	97,7	33	1						
Opo	2	30	32	93,8	13							
Omvikedalselva					8							
Etneelva							0	5	5	100,0		11
Samla, Hordaland	185	353	538	65,6	598	11	27	13	40	32,5		11

TABELL 3.3. Fordeling av stor- (>7 kg), mellom- (3-7 kg) og smålaks (<3 kg) mellom villaks og oppdrettslaks i det undersøkte skjellmaterialet fra elvefisket 2002 i Hordaland.

	Vill laks						Oppdrettslaks						
	Storlaks		Mellomlaks		Smålaks		Storlaks		Mellomlaks		Smålaks		
	n	%	n	%	n	%	n	%	n	%	n	%	
Frøyset		0,0	1	50,0	1	50,0			0,0	1	50,0	1	50,0
Haugsdal		0,0	1	25,0	3	75,0			0,0	2	66,7	1	33,3
Moelva	1	25,0	2	50,0	1	25,0	1	20,0	3	60,0	1	20,0	
Ekso		0,0	1	100,0		0,0	3	37,5	4	50,0	1	12,5	
Vosso							0,0	2	33,3	4	66,7		
Daleelva	5	4,5	17	15,3	89	80,2	7	8,8	45	56,3	28	35,0	
Storelva		0,0	10	43,5	13	56,5	2	20,0	7	70,0	1	10,0	
Oselva		0,0	21	38,2	34	61,8	11	16,9	45	69,2	9	13,8	
Tysseelva		0,0		0,0	6	100,0	4	4,3	61	66,3	27	29,3	
Granvin							1	3			1		
Eidfjord		0,0	1	100,0		0,0	3	27,3	7	63,6	1	9,1	
Kinso		0,0		0,0	1	100,0	4	9,3	35	81,4	4	9,3	
Opo		0,0	1	50,0	1	50,0	4	13,3	24	80,0	2	6,7	
Etne								2			3		
Samla, Hordaland	6	2,9	55	26,2	149	71,0	40	11,0	241	66,0	84	23,0	

3.3. Livshistorie

Ut frå det analyserte materialet er det laga ei samanstilling av gjennomsnittleg smoltalder og -lengd, og tilvekst dei enkelte år i sjø hjå villaks og sjøaure (**tabell 3.4** og **3.5**).

Smoltalderen for laks varierte mellom 2,0 år i Haugsdalselva og 3,0 år i Eidfjordelva og Kinsø, og snittet for alle elvane var 2,4 år (**tabell 3.4**). Smoltlengdene varierte mellom 9,9 (Ekso) og 14,0 cm (Tysseelva), og snittet var 13,6 cm. Sjøveksten varierte ein del mellom elvar, noko som først og fremst skuldast at det var få fisk i kvar elv, gjennomsnittet var 30,5 cm første året, 24,7 cm andre året, og 24,5 cm tredje året.

Smoltalderen for aure varierte mellom 2,0 år i Fjellsvassdraget og 3,3 år i Moelva og Vosso, snittet for alle elvane var 2,8 år (**tabell 3.5**). Smoltlengdene varierte mellom 13,0 (Omvikedalselva) og 19,3 cm (Frøysetelva), og snittet var 16,4. Grunnen til at sjøauresmolten i mange vassdrag er eldre og større enn laksesmolten, er at sjøauren i høgare grad brukar innsjøar til oppvekst, og at dei gjerne har ein periode på eitt eller fleire år som "innsjøfisk" før dei går ut i sjøen.

TABELL 3.4. Oversikt over antal, storleksfordeling, smoltalder (år), smoltlengd (cm) og sjøvekst (cm) hjå villaks fanga i Hordaland i 2002. (St.l.=Storlaks, M.l.=Mellomlaks, Sm.l.=Smålaks).

	St.l.	M.l.	Sm.l.	Tot.	Smoltalder		Smoltlengd		1. sjøår		2. sjøår		3. sjøår	
	n	n	n	n	snitt	SD	snitt	SD	snitt	SD	snitt	SD	snitt	SD
Frøyset					1	1	2		2,5	0,7	11,5	2,4	29,4	8,0
Haugsdal					1	3	4		2,0		13,4	0,3	34,2	7,8
Moelva					1	2	1	4	2,7	0,6	13,5	2,6	30,9	4,1
Ekso					1		1				9,9	-	27,9	-
Daleelva					5	17	89	111	2,8	0,5	13,7	2,1	29,2	4,4
Storelva						10	13	23	2,1	0,3	13,9	1,7	32,0	4,5
Oselva						21	34	55	2,1	0,2	13,5	2,2	32,5	5,2
Tysseelva							6	6	2,0	-	14,0	3,4	28,6	2,6
Eidfjord							1	1	3,0	-	12,0	-	37,8	-
Kinsø								1	3,0	-			21,6	-
Opo								1	2	-	10,8	-	33,2	-
Samla	6	55	149	210	2,4	0,5			13,6	2,1	30,5	4,9	24,7	5,5
													24,5	8,6

TABELL 3.5. Oversikt over antal, smoltalder, smoltlengd og sjøvekst hjå sjøaure fanga i Hordaland i 2002.

	Antal	Smoltalder		Smoltlengd		1. sjøår		2. sjøår		3. sjøår	
	n	snitt	SD	snitt	SD	snitt	SD	snitt	SD	snitt	SD
Frøyset	14	3,0	0,0	19,3	2,3	12,2	3,5	12,2	3,5	14,3	4,6
Haugsdal	28	2,9	0,5	14,4	2,0	11,8	3,2	11,7	3,3	10,7	3,5
Moelva	86	3,3	0,5	15,7	2,2	13,3	3,1	12,7	3,1	12,7	3,6
Ekso	1	3,0	-	14,3	-	13,1	-	13,1	-	13,1	-
Vosso	13	3,3	0,6	17,9	1,7	8,4	1,3	8,4	1,3	8,4	1,3
Daleelva	236	2,8	0,5	15,4	1,8	13,7	3,9	13,1	4,0	11,5	4,1
Storelva	9	2,3	0,5	14,8	5,5	13,8	5,7	13,8	5,7	11,4	4,7
Fjellsvassdraget	1	2,0	-	13,5	-	16,5	-	16,5	-	16,5	-
Oselva	129	2,4	0,6	18,6	3,4	11,0	4,0	9,9	3,2	10,0	3,6
Tysseelva	5	3,0	1,4	19,6	8,2	12,3	2,1	13,8	-	-	-
Eidfjord	22	3,2	0,7	14,6	2,7	12,0	2,1	11,9	2,2	11,4	2,2
Kinsø	33	2,9	0,6			12,7	4,0	12,1	3,8	11,8	4,9
Opo	13	2,9	0,7	14,3	2,4	13,6	6,2	13,6	6,2	12,9	6,3
Omvikelva	8	2,2	0,4	13,0	2,8	12,8	3,9	11,1	3,6	8,7	3,8
Totalt	598	2,8	0,7	16,4	3,3	12,3	3,9	11,8	3,8	11,4	3,9

4.

KILENOTFISKE 2002

Rådgivende Biologer AS mottok hausten 2002 skjellprøvar frå 112 laks og 24 sjøaure som var fanga i kilenot i Sørkjorden (Vikane) ved Osterøy. I same perioden vart det fanga 135 regnbogearuar, som det ikkje vart teke prøvar av.

4.1. Innslag av rømd oppdrettslaks

Av 112 laks var det 69 rømde oppdrettslaks (61,6 %, **tabell 4.1**). Med unntak av veke 30 var innslaget av rømd oppdrettslaks mellom 60 og 70 % i heile fangstperioden. Ein del av laksane som er klassifisert som rømd oppdrettslaks er usikre og er anten oppdrettslaks som er rømd tidleg eller utsett smolt frå Vosso eller Daleelva. All fisk frå både Daleelva og Vosso skal vera merka, og dersom fiskaren har vurdert og rapportert riktig, er også andelen rømd oppdrettslaks på nivå med det som er vist i **tabell 4.1**.

Ved kilenotfangstane i Sogn og Fjordane har det vore ei tidsforskuving mellom fangstane av villaks og rømd oppdrettslaks, ved at fangstane av rømd oppdrettslaks både aukar og avtek om lag to veker seinare enn villaksen (Urdal 2003). Når ein ikkje ser dette biletet i materialet frå Osterøy skuldast det truleg at fisket startar halvannan månad tidlegare (1. juni). Andelen rømd oppdrettslaks aukar der utover sommaren, og er frå slutten av juli over 50 %. Det er sannsynleg at det same biletet ville vist seg ved Osterøy dersom fiskesesongen hadde vore like lang.

Av oppdrettslaksane i materialet var i 38 av 69 (55 %) oppført som oppdrett av fiskaren, dei andre var vurdert å vera ville. Fire av 43 villaks (9 %) var vurdert å vera oppdrettslaks.

TABELL 4.1. Oversikt over total fangst av laks, antal og andel av oppdrettslaks i fangstane ved kilenotfiske sommaren 2002 ved Vikane på Osterøy.

Veke (dato)	Laks				Sjøaure
	Villaks	Oppdrettslak	Samla	Andel Oppdr.	
29 (15-21/7)	10	17	27	63,0	14
30 (22-28/7)	14	12	26	46,2	6
31 (29/7-4-8)	6	14	20	70,0	2
32 (5-11/8)	4	9	13	69,2	1
33 (12-18/8)	6	10	16	62,5	1
34 (19-25/8)	3	7	10	70,0	0
Samla	43	69	112	61,6	14

4.2. Livshistorie

Av 43 villaks var 22 stk 1-sjøvinterlaks (51 %), 19 stk 2-sjøvinterlaks (43 %) og 2 stk 3-sjøvinterlaks (6 %). Snittlengd og -vekt for dei tre gruppene fisk var høvesvis 60, 78 og 98 cm (**tabell 4.2**).

Det var eit godt samsvar mellom dei tre storleikskategoriane som vert nytta i den offentlege fangststatistikken (små, mellom- og storlaks) og sjøalder, 21 av 23 smålaks var ein-sjøvinterlaks, 17 av 19 mellomlaks var to-sjøvinter. statistikken.

Gjennomsnittleg smoltalder og -lengd for villaksane var 2,3 år og 13,7 cm (**tabell 4.2**). Veksten første året i sjøen var ulik for ein- og to-sjøvinterlaksen, ved at sistnemnde aldersgruppe i snitt hadde vakse over 5 cm meir. Dette stemmer med det me fann i skjellmaterialet frå Sogn og Fjordane, ved at sjøveksten var svært god i 2000 og därlegare enn snittet året etter (Urdal 2003).

TABELL 4.2. Oversikt over attenderekna smoltalder og -lengd, lengd ved fangst og første års sjøvekst for villaksen som vart fanga ved kilenotfisket i Hordaland i 2002.

	Sjøvintrar			
	1	2	3	Samla
Antal fisk	22	19	2	43
Smoltalder, snitt (år) ± SD	2.3 ± 0.5	2.3 ± 0.5	-	2.3 ± 0.5
Smoltlengd, snitt (cm) ± SD	13.7 ± 2.0	13.7 ± 1.9	13.3 ± -	13.7 ± 1.9
Lengd, snitt (cm) ± SD	60.2 ± 4.3	78.2 ± 6.8	97.5 ± 10.6	-
Lengdeintervall (cm)	53 - 71	63 - 90	90 - 105	53 - 105
Vekst 1. år i sjø, snitt (cm) ± SD	30.2 ± 4.4	35.8 ± 5.5	32.3 ± 9.5	32.8 ± 5.7

5. SAMLA VURDERING AV MATERIALE FRÅ 1999-2002

2002 var det fjerde året det vart gjennomført skjellanalysar frå elvefisket i Hordaland (tredje året med undersøkingar av kilenotmaterialet), og i det følgjande kapitlet vert det presentert ei samanlikning av resultat frå desse åra.

5.1. Innslag av rømd oppdrettslaks

5.1.1. Elvefiske

For perioden 1999-2002 har det i snitt (vekta snitt, snitt av elvesnitt) vore 47,4 % rømd oppdrettslaks i skjellmaterialet, med variasjon mellom år frå 27,4-55,7 % (**tabell 5.2** og **5.3**). Med unntak av i 2001 har innslaget av rømd oppdrettslaks alle år vore over 50 %. Det må understrekast at innslaget av rømd oppdrettslaks er vurdert ut frå innsamla skjellmateriale og er ikkje nødvendigvis representativt for innsiget til den enkelte elv.

5.1.2. Kilenotfiske

Innslaget av rømd oppdrettslaks har vore høgt og relativt stabilt i kilenotfangstane ved Osterøy i perioden 2000-2002 og har variert mellom 55 % i 2000 og 67 % i 2001, med snitt for alle tre åra på 61 % (**tabell 5.1**). Alle åra har fangstar av rømd regnbogeaure vore større enn av laks, i 2001 utgjorde regnbogeaure 77 % av total fangst.

TABELL 5.1. Antal laks, sjøaure og regnbogeaure (n) og innslag av rømd oppdrettslaks (% O) i kilenotfangstane ved Vikane på Osterøy 2000-2002. *Vekta snitt, dvs. snitt av dei enkelte snitta.


År	Villaks	R. oppdr.	Sum	% O.	Sjøaure	Regnboge
2000	48	59	107	55,1	3	324
2001	31	62	93	66,7	6	346
2002	43	69	112	61,2	24	135
Samla	122	190	312	61,0*	33	805

TABELL 5.2. Fordeling av villaks (V) og rømd oppdrettslaks (O) i skjellmateriale fra 20 elvar i Hordaland 1999-2002. .¹) I desse elvane er villaksen freda.

Elv	1999				2000				2001				2002				Samla			
	V	O	Sum	% O	V	O	Sum	% O	V	O	Sum	% O	V	O	Sum	% O	V	O	Sum	% O
Frøysetelva ¹	0	2	2	100,0	0	3	3	100,0	5	4	9	44,4	2	2	4	50,0	7	11	18	61,1
Matreelva	0	1	1	100,0	0	2	2	100,0									0	3	3	100,0
Haugsdalselva					2	6	8	75,0					4	3	7	42,9	6	9	15	60,0
Modalselva	6	6	12	50,0	6	4	10	40,0	5	1	6	16,7	4	5	9	55,6	21	16	37	43,2
Eksø ¹					2	10	12	83,3					1	8	9	88,9	3	18	21	85,7
Vosso ¹													0	6	6	100,0	0	6	6	100,0
Daleelva (Vaksdal)	169	40	209	19,1	161	26	187	13,9	45	31	76	40,8	85	72	157	45,9	460	169	629	26,9
Storelva i Arna	11	6	17	35,3	25	19	44	43,2	27	13	40	32,5	23	10	33	30,3	86	48	134	35,8
Fjellsvassdraget	0	4	4	100,0		5	5	100,0									0	9	9	100,0
Oselva					264	52	316	16,5	287	37	324	11,4	56	66	122	54,1	607	155	762	20,3
Tysseelva	53	148	201	73,6	83	175	258	67,8	32	104	136	76,5	6	92	98	93,9	174	519	693	74,9
Øystese ¹									1	1	100,0						0	1	1	100,0
Steinsdalselva ¹	1	5	6	83,3	0	3	3	100,0	1	8	9	88,9					2	16	18	88,9
Granvinselva ¹	0	6	6	100,0	13	22	35	62,9	3	10	13	76,9	0	5	5	100,0	16	43	59	72,9
Eidfjordvassdraget ¹					2	14	16	87,5	0	2	2	100,0	1	11	12	91,7	3	27	30	90,0
Kinsø ¹	10	54	64	84,4	6	51	57	89,5	7	23	30	76,7	1	43	44	97,7	24	171	195	87,7
Opo ¹									1	6	7	85,7	2	30	32	93,8	3	36	39	92,3
Omvikedalselva	15	2	17	11,8	7	1	8	12,5	6	1	7	14,3					28	4	32	12,5
Uskedalselva					1	1	2	50,0									1	1	2	50,0
Etneelva (Sørelva)									4	0	4	0,0					4	0	4	0,0
Samla	265	274	539	50,8	572	394	966	40,8	423	241	664	36,3	185	353	538	65,6	1445	1262	2707	46,6

TABELL 5.3. Innslag av rømd oppdrettslaks (%) i skjellmateriale fra 11 elvar i Hordaland 1999-2002, vist som snitt av hele materialet samla, snitt av elvesnitta (vekta snitt), og median av elvesnitta. Tala baserer seg på tabell 5.3 og inkluderer elvar der villaksen ikke er freda.

	1999	2000	2001	2002	Samla
Snitt av samla materiale	44,9	34,6	31,5	58,2	40,2
Vekta snitt (snitt av elvesnitt)	55,7	51,9	27,4	53,8	47,4
Median av elvesnitt	50,0	46,6	16,7	50,0	43,0



FIGUR 5.1. Fangst av villaks og rømd oppdrettslaks ved sportsfiske i elv (venstre) og kilenotfiske ved Osterøy (høgre) i Hordaland 1999-2002. Fangstane er fordelt på veker (stolpar), og andelen rømd oppdrettslaks er vist som linje. Det er markert kva veke halvparten eller meir er fanga av vill laks (V) og rømd oppdrettslaks (O).

5.1.3. Tidspunkt for innsig av villaks og rømd oppdrettslaks

I elvefangstane er det ei tidsforskuving mellom villaks og rømd oppdrettslaks, ved at oppdrettslaksen kjem inn seinare (**figur 5.1**). Meir enn 50 % av villaksen er fanga i løpet av siste halvdelen av juli, medan 50 % av oppdrettslaken er fanga i 1-2 veker seinare. Mot slutten av fiskesesongen avtek fangstane av både villaks og rømd oppdrettslaks, og den einaste klare skilnaden i fangstmönsteret er tidsforskuvinga, som gjer at andelen rømd oppdrettslaks aukar utover sesongen. Ulik innsats og ulike fisketider i dei ulike elvane gjer biletet mindre eintydig og trenden er truleg klarare enn **figur 5.1** viser. Kilenotfangstane frå Osterøy er så pass små og over så kort tidsperiode, at det er vanskeleg å sjå den same trenden som i elvefisket, men tilsvarande undersøkingar i Sogn og Fjordane har vist at biletet er det same for kilenotfisket som ved sportsfisket (Urdal 2003).

5.2. Årsklassesyrske, smoltårgangar

I 1999 var det ein sterk dominans av ein-sjøvinterlaks i elvefangstane (om lag 93 %, **tabell 5.4**), noko som indikerer høg overleving av smolt som gjekk ut i 1998. Dette stemmer godt med at luseåtak på smolt var mindre alvorleg i 1998 enn tidlegare år (Kålås & Urdal 2001). Dei to neste åra var andelen ein-sjøvinterlaks 70-75 %. Overlevinga av smolt har truleg vore brukbar også i 1999 og 2000, samstundes har det kome to-sjøvinterlaks frå dei føregåande gode årsklassane. Fangstandelane av dei ulike storleiksgruppene av laks dei to siste sesongane er truleg om lag slik ein skal venta ved stabil rekruttering, medan 1999 var eit spesielt år, med ein god årsklasse etter fleire dårlege.

Aldersfordelinga i kilenotfisket skil seg frå elvefisket ved at andelen smålaks er lågare. Dette skuldast truleg ein kombinasjon av to faktorar: Ved kilenotfiske i sjø vil ein del av dei minste laksane sleppa gjennom nota, noko som stemmer med at snittstorleiken til ein-sjøvinterlaks fanga i sjøen er større enn i elvefangstane, medan slike skilnader ikkje finst for eldre årsklassar. Samstundes reknar ein at smålaks er meir fangbar enn eldre fisk ved sportsfiske i elv (Sættem 1995).

TABELL 5.4. Fordeling og snittlengd for dei ulike storleiksgruppene og årsklassane av villaks i skjellmaterialet frå sportsfisket i 1999-2002 og kilenotfisket 2000-2002.

Sportsfiske 1999-2002												
	1999			2000			2001			2002		
	Andel (%)	Lengd (cm) Snitt	STD	Andel (%)	Lengd (cm) Snitt	STD	Andel (%)	Lengd (cm) Snitt	STD	Andel (%)	Lengd (cm) Snitt	STD
Smålaks	89,1	58,1	4,9	72,6	57,9	5,3	75,9	56,5	5,6	72,7	56,1	5,5
Mellomlaks	9,8	72,5	9,0	25,2	77,8	7,5	21,5	78,5	7,6	25,7	78,9	5,6
Storlaks	1,1	96,7	8,1	2,3	94,6	5,2	2,6	94,0	4,6	1,6	93,3	2,1
1-sjøvinter	93,4	58,4	5,2	75,0	58,3	5,7	73,6	56,1	5,4	73,5	55,9	5,1
2-sjøvinter	5,0	79,0	8,9	23,8	79,5	8,6	24,3	77,7	9,3	23,5	79,3	6,2
3-sjøvinter	1,6	85,5	15,8	1,3	85,2	13,8	2,1	93,8	4,4	2,9	86,4	5,3
Kilenotfiske 2000-2002												
	2000			2001			2002					
	Andel (%)	Lengd (cm) Snitt	STD	Andel (%)	Lengd (cm) Snitt	STD	Andel (%)	Lengd (cm) Snitt	STD	Andel (%)	Lengd (cm) Snitt	STD
Smålaks				68,8	64,6	4,7	51,6	64,4	4,4	53,5	60,4	4,5
Mellomlaks				31,2	81,1	4,9	45,2	80,1	7,3	44,2	79,5	6,4
Storlaks				0,0	-	-	3,2	89,0	-	2,3	105,0	-
1-sjøvinter				58,7	63,9	4,5	63,0	65,1	4,4	51,2	60,2	4,3
2-sjøvinter				41,3	77,7	7,7	33,3	84,0	5,6	44,2	78,2	6,8
3-sjøvinter				0,0	-	-	3,7	83,0	-	4,7	97,5	10,6

5.4. Konklusjonar

- Innslaget av rømd oppdrettslaks i sportsfiskefangstane var høgare i 2002 enn dei føregåande åra. Noko av forklaringa er at det var lågare innsig av villaks i 2002. Dette inneber at den relative andelen rømd oppdrettslaks aukar, sjølv utan ein absolutt auke. Observasjonar av uvanleg store "flak" av oppdrettslaks i fleire elvar i fiskesesongen indikerer likevel ein absolutt auke i antal rømlingar i fangstane, utan at dette kan seiast sikkert.
- Dei reduserte fangstane av villaks i 2002 i høve til dei føregåande åra skuldast at fangsten av ein-sjøvinterlaks var redusert. Dårleg vekst første året i sjø er ytterlegare ein indikasjon på dårlig overleving av smoltårgangen frå 2001.
- Resultata frå perioden 1999-2002 viser at fangsten av både villaks og rømd oppdrettslaks aukar fram mot ein topp midt på sommaren, for så å avta utetter ettersommaren. Ei tidsforskyving i fangstutviklinga på 1-3 veker gjer at den relative andelen rømd oppdrettslaks aukar utover i sesongen. Det store innslaget av rømd oppdrettslaks som vert rapportert i mange elvar om hausten, kan skuldast at oppdrettslaksen er meir fangbar enn villaksen fram mot gyting, men det kan også vera at det går opp ein del rømd oppdrettslaks etter at fiskesesongen er over.

6.

LITTERATUR

NB! Ikkje alle artiklane/rapportane er refererte i teksten!

Fiske, P., R.A.Lund, G.M. Østborg & L. Fløystad 2001. Rømt oppdrettslaks i sjø- og elvefisket i årene 1989-2000. NINA Oppdrags melding 704: 1-26.

Friedland, K.D., L.P. Hansen, D.A. Dunkley & J.C. Maclean 2000. Linkage between ocean climate, post-smolt growth, and survival of Atlantic salmon (*Salmo salar* L.) in the North Sea area. ICES Journal of Marine science 57 : 419-429.

Kålås, S. & K. Urdal. 2001. Overvaking av lakselusinfeksjonar på tilbakevandra sjøaure i Rogaland, Hordaland og Sogn & Fjordane sommaren 2000. Rådgivende Biologer, rapport 483, 44 sider.

Sættem, L.M. 1995. Gytebestander av laks og sjøaure. En sammenstilling av registreringer far ti vassdrag i Sogn & Fjordane fra 1960-94. Utredning for DN. Nr 7-1995, 107 sider.

Urdal, K. 2000a. Analysar av skjellprøvar frå 20 elvar i Sogn og Fjordane i 1999. Rådgivende Biologer, rapport 443, 33 sider.

Urdal, K. 2000b. Analysar av skjellprøvar frå 12 elvar i Hordaland i 1999. Rådgivende Biologer, rapport 466, 21 sider.

Urdal, K. 2001a. Analysar av skjellprøvar frå sportsfiske- og kilenotfangstar i Sogn og Fjordane i 2000. Rådgivende Biologer, rapport 493, 51 sider.

Urdal, K. 2001b. Analysar av skjellprøvar frå 17 elvar i Hordaland i 2000. Rådgivende Biologer, rapport 505, 27 sider.

Urdal, K. 2002. Analysar av skjellprøvar frå sportsfiske- og kilenotfangstar i Sogn og Fjordane i 2001. Rådgivende Biologer, rapport 591, 51 sider.

Urdal, K. 2003. Analysar av skjellprøvar frå sportsfiske- og kilenotfangstar i Sogn og Fjordane i 2002. Rådgivende Biologer, rapport 650, 36 sider.


På dei følgjande sidene er resultata frå dei ulike elvane presentert. Det er her presentert resultat frå det ordinære fisket i 2002, og desse er levert ut til dei ulike elve-/grunneigarlag som faktaark. Følgjande elvar er rapportert:

Frøysetelva
Modalselva
Daleelva i Vaksdal
Storelva i Arna
Oselva
Tysseelva
Eidfjordvassdraget
Kinsø
Opo
Omvikedalselva

FANGST OG SKJELLPRØVAR I FRØYSETELVA

Status for laks og sjøaure i Frøysetelva

I perioden 1995 til 2002 var gjennomsnittleg årsfangst 18 laks med snittvekt på 3,2 kg og 231 sjøaurar med snittvekt på 0,9 kg. I 2002 var fangsten 16 laks (snittvekt: 3,0 kg) og 123 sjøaure (snittvekt: 0,8 kg). Villaksen har sidan tidleg på 1990-talet vore freda, men frå 2003 er det opna for ordinært laksefiske i vassdraget.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Frøysetvassdraget i perioden 1993-2002. Frøysetelva har vore freda for ordinært laksefiske sidan tidleg på 1990-talet.

Analyse av skjellprøvar 1999-2002

Innslaget av rømd oppdrettslaks i skjellmaterialet har variert mellom 44 og 100 % (**tabell 1**). Sidan villaksen har vore freda i Frøysetelva, er ikkje andelen rømd oppdrettslaks reell. Dei villaksane som det er teke prøvar av har anten vore så skadde ved fiske at dei har måttå avlivast, eller dei er feilaktig vurdert å vera rømd oppdrettslaks.

TABELL 1. Antal skjellprøvar frå Frøysetelva 1999-2002 og andel rømd oppdrettslaks

År	Antal skjell				Rømd oppdrett (%)
	Laks	Aure	Regnboge	Totalt	
1999	2	28	2	32	100,0
2000	3	39	0	42	100,0
2001	9	11	7	27	44,4
2002	4	14	5	23	50,0
Totalt	18	92	14	124	73,6

Av dei 4 villaksane i materialet som kunne aldersbestemmast var 1 smålaks og 3 mellomlaks. (**tabell 2**). Smålaksen var mindre enn det som er vanleg (55-60 cm), medan mellomlaksane er om lag like store som det ein finn i andre elvar (80-85 cm er vanleg).

TABELL 2. Gjennomsnittleg smoltalder og -lengd, og antal, lengd og vekt av dei ulike sjøaldergruppene av villaks i skjellmaterialet frå Frøysetelva 1999-2002.

Alder (år)	Lengd (cm)	Sjøalder (vinstrar)	
		1	2
		Lengd / vekt (antal)	Lengd / vekt (antal)
2,5	13,6	48 cm / 1,5 kg (1)	81 cm / 4,8 kg (3)

